



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

**Forvaltingsplan for
Lomstjønna naturreservat
Sandøy kommune**

Rapport 2010:08



Framsidebildet viser flyfoto over delar av Lomstjønna naturreservat. *Foto: Øivind Leren*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:

2010:08

Dato:

25. oktober 2010

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR LOMSTJØNNNA NATURRESERVAT

Forfattar:

Åsmund Skålvik, miljøvernnavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Forvaltingsplanen er godkjend av Direktoratet for naturforvaltning den 27.09.2010 i sak 2010/7296. Forvaltingsplanen for Lomstjønna naturreservat er med dette godkjend med heimel i DN sitt rundskriv november 2001, revidert februar 2010. "Forvaltning av verneforskrifter".

Referat:

Lomstjønna naturreservat vart verna i 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Formålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. I 1996 vart Lomstjønna naturreservat i tillegg tatt opp på den internasjonale lista over Ramsarområde som ein del av Harøy våtmarkssystem. Ramsarkonvensjonen av 1971 er ein internasjonal avtale med formål å ta vare på viktige våtmarkssystem. Norge har slutta seg til denne konvensjonen.

Naturreservatet utgjer Lomstjønna med tilgrensande småtjern, omkransa av ei stor oseanisk nedbørsmyr. Reservatet har potensiale for eit rikt fugleliv og saman med myrområda rundt reservatet er dette eit av dei største intakte myrområda i regionen. Utfordringane framover vert å halde landskapet ope og å unngå spreiing av framande treslag i dette myrkomplekset.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål og tiltak bør reviderast minst kvart 10. år.

Emneord:

Ramsar, naturvern, forvaltingsmål, bevaringsmål, vegetasjon, fugl, myr, biologisk mangfold.

ISBN (Pdf utgåve) 978-82-7430-188-7

ISBN (Papir utgåve) 978-82-7430-187-0

ISSN 0801-9363



Ulf Lucasen
Seksjonssjef



Per Fredrik Brun
Direktør miljøvernnavdelinga

FORORD

Lomstjønna naturreservat vart oppretta ved kongelig resolusjon av 27. mai 1988 som del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Lomstjønna naturreservat vart òg gitt status som Ramsarområde 19.03.1996. som del av Harøy våtmarkssystem. Lomstjønna naturreservat med sine vatn og småsjøer i ei stor samanhengande oseanisk nedbørssmyr er ein viktig del av det som vert omtala som Harøy våtmarkssystem. Møre og Romsdal starta i 2009 opp ei satsing på å få utarbeid fleire forvaltingsplanar over prioriterte verneområde. Denne planen er eit resultat av den satsinga.

Målet med forvaltingsplanen er å skildre dei naturfaglege verneverdiane i området og kva tiltak og skjøtsel som trengs for å ta vare på desse. Planen skal òg avklare ulike brukargrupper sine interesser i verneområdet og deira forhold til forskrifter og anna regelverk. Ein har ved utarbeiding av planen prøvd å tenkje på kven som blir brukarar av planen ved å gjere den så kort og konkret som mogleg. Då dette er 1. generasjon forvaltingsplan må ein ta høgde for revisjon etter å ha prøvd planen i praksis nokre år.

Planen er utarbeidd av Åsmund Skålvik ved fylkesmannens kontor, for midlar Direktoratet for naturforvalting har stilt til rådvelde.

Molde 25.10.2010

Per Fredrik Brun
Miljøvernnavdelinga

Innhald

1	INNLEIING	4
2	NATURGRUNNLAGET	5
2.1	Områdeskildring	6
2.2	Eigedomsforhold	6
2.3	Brukshistorie	6
2.4	Naturfaglege verdiar	7
2.5	Bevaringsmål	9
3	BRUKARINTERESSER	14
3.1	Verneforskrifta og brukarinteresser	14
3.2	Primærnæring – jordbruk og skogbruk	14
3.3	Jakt, fiske og rekreasjon	15
3.5	Undervisning og forsking	17
4	FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK	17
4.1	Skjøtsel og forvaltingstiltak	17
4.2	Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar	18
4.3	Informasjon og tilrettelegging	18
4.4	Oppsyn	19
5	SAKSHANDSAMING	19
5.1	Forvaltingsstypesmakt	19
5.2	Lovverk, føringar og forvalting	20
6	PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD	22
7	KJELDER	23

Vedlegg

1. Verneforskrifta for Lomstjønna NR
2. Temakart over Lomstjønna NR
3. Flyfoto over Lomstjønna NR
4. Vegetasjonskart
5. Planteartar Lomstjønna NR
6. Fugleartar Lomstjønna NR
7. Skjøtselstiltak
8. Information Sheet on Ramsar Wetlands (RIS).
9. Saksbehandling av planen

1 INNLEIING

Lomstjønna naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988. Formålet med fredinga er; ”å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv”. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyremakt for naturreservatet. Dette er den første forvaltingsplanen som er utarbeidd for reservatet.

Sandøy kommune med øyar, holmar og skjer og med tilgrensande sjøområde vert i mange høve omtala som Harøya våtmarkssystem. Dette fordi heile våtmarkssystemet på og kring øya er særleg viktig for overvintrande og trekkande vassfugl, men også som hekkelokalitetar til fleire artar. Lomstjønna og områda rundt er ein del av dette våtmarkssystemet.



Figur 1 Kart over delar av Harøya med Lomstjønna naturreservat skravert rødt midt i bilde.

Forvaltingsplanen for Lomstjønna naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Han skal sikre ei einsarta forvalting av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafor området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltinga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyremakt. I naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet.

Forvaltingsplanen for Lomstjønna naturreservat er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen (kap 4-6) omhandlar forvaltungsmessige oppgåver og tiltak. Her blir det gitt ei skildring av føreslårte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Ramsarkonvensjonen

I tillegg til å vere verna som naturreservat etter Naturmangfaldslova (NML) har Lomstjønna også status som Ramsarområde. Ramsarkonvensjonen er ein internasjonal avtale som vart inngått den 02.02.1971. Konvensjonen har som mål å ta vare på viktige våtmarkssystem for planter, fugle- og dyreliv. Lomstjønna og tre andre verna våtmarksområde i Sandøy kommune vart med på Ramsarlista den 19.03.1996 som ein del av Harøy våtmarkssystem. Som eit av 159 land som har signert avtalen har Norge som medlemsland av Ramsarkonvensjonen forplikta seg til å gi desse områda internasjonal status som særleg viktige våtmarksområde. I fastlandsdelen av Norge er det i dag 32 verna område med Ramsarstatus, pluss 5 område på Svalbard.

For å verte klassifisert som eit Ramsarområde må området oppfylje gitte kriterium. Lomstjønna kjem inn under kriteriet nr. 1 som lyder slik: Representative, sjeldne eller unike eksemplar på naturleg eller nær-naturleg våtmarkssystem innanfor den aktuelle biogeografiske region.

Sjå elles vedlegg nr. 8 "Information Sheet on Ramsar Wetlands (RIS).

Ramsarkonvensjonen har i dag tre hovudpilarar:

- Å forvalte internasjonalt viktige våtmarksområde (Ramsarområder) slik at dei økologiske funksjonane ("ecological character") kan oppretthaldast.
- Å sørge for fornuftig (bærekraftig) bruk ("wise use") av våtmarker generelt i forvaltning og arealplanlegging, herunder kartlegge og gjennomføre verneplanar for våtmarker.
- Delta i internasjonale samarbeid om våtmarker

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil prioritere skjøtselstiltak i Lomstjønna og dei andre verna områda dersom det er nødvendig for å oppretthalde eller forbetra verneformålet. Då Norge har teke på seg eit særskild internasjonalt ansvar for dei verna områda som utgjer Harøy våtmarkssystem vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppmode Sandøy kommune og grunneigarane til å vise varsemd også i randsona utanfor desse verna områda. Ein syner her i tillegg til NML § 49 (utenforliggende virksamhet som kan medføre skade inn i et verneområde) og PBL §11-8 omsynssoner og §12-6 omsynssoner i reguleringsplan.

2 NATURGRUNNLAGET

Verneforma naturreservat etter NML § 37.

Som naturreservat kan vernast område som mellom anna inneheld truga, sjeldan eller sårbar natur, representerar ein bestemt naturtype eller på anna måte er særleg viktig for det biologiske mangfald. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

2.1 Områdeskildring

Lomstjønna naturreservat dekker eit areal på 105 dekar. Av dette er 71 dekar myr, 17 dekar planta skog på myr og 23 dekar open vassflate. Kvartærgeologisk er det torv og myr som dominerer.



Figur 2 Møre og Romsdal fylke si informasjonstavle ved Lomstjønna. Foto:Asbjørn Børset

Området er ei rein nedbørsmyr og kan truleg klassifiserast som ei atlantisk høgmyr. Dette er eit flat og einsarta fattigmyrsområde med eit litt større vatn og fleire små tjern. Lokaliteten ligg i eit større hei- og myrlandskap, og utgjer ein representativ del av denne landskapstypen på øya. Området er lett tilgjengeleg og vil derfor kunne nyttast til både rekreasjon og undervisning.

Sandøy kommune har ikkje kommuneplan som klassifiserer arealbruken, men areal som omkransar verneområde er delvis dyrka mark i nord og delvis myr/lyngmark i sør.

2.2 Eigedomsforhold

I følgje verneforskrifta omfattar Lomstjønna naturreservat følgjande Gnr/Bnr: 10/73, 10/74, 10/75, 10/76, 10/77, 10/78, 10/79, 10/80, 10/81, 13/3, 13/11, 13/12 og 14/1. Oppdatert informasjon frå siste utgåve av digitalt eigendomskart viser at reservatet omfattar areal frå desse Gnr/Bnr: 10/73, 10/82, 10/89, 13/3, 13/11 og 13/12. Vi tek etterhald om at det kan vere feil i eigendomskartet som vi har lagt til grunn.

2.3 Brukshistorie

Ein har lite informasjon om den historiske bruken av dette arealet. I følgje munnleg informasjon frå den eine grunneigaren er det ikkje kjent beitebruk i området. Areala er for fuktig/sumpaktig til beiting av storfe. I austre delar av verneområdet er det restar etter torvuttak. Det er restar etter ei rørgate frå den nest sørlegaste dammen og vestover i landskapet. Det er ingenting som tyde på at denne er i bruk i dag. Til rekreasjon har Lomstjønna vore nytta opp gjennom tidene til å gå på skøyter i barfrostperiodar om vinteren.

2.4 Naturfaglege verdiar

Den naturfaglege informasjonen her er stort sett henta frå forarbeida til vernet. Men også munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap. Ein har også henta naturfagleg informasjon på internettstadane; artsdatabanken.no og direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.no.

Fugle- og dyreliv

I 1976 kom Alv Ottar Folkestad med kommunevise rapportar av interesse for naturvern i fylket. Dette er den første samla framstilling av verdifull natur i kommunen med vekt på viktige fugleområde. For fuglelivet er Lomstjønna særleg av interesse som hekkelokalitet for fugleartar tilknytte den opne, myrlende kystheia, som grågås, heilo, spover og måsefugl. Dessutan er tønna og dammane hekkeplass for enkelte andeartar. Tidlegare veit vi at også meir spesielle våtmarksarter som svømmesnipe og lappspurv hekka her. Verneområdet er eit av få område på Harøya med ferskvassdammar av betyding. Samtidig som det utgjer ein representativ del av ein av dei dominerande naturtypane på øya, er området ein viktig del av våtmarkssistema på Herøy.

Tilstand og truslar

Systematiske data over enkeltartar er noko mangelfulle. Lomstjønna har verken innløp eller utløp, derfor går vi ut frå at det ikkje er fisk i Lomstjønna. Dette stemmer også med informasjon frå folk som bur i området. Det er heller ikkje ønskjeleg med fisk i nokon av tjerna/dammane i reservatet. Utsetting av fisk vil redusere tilgangen av insekt i tjerna/dammane i reservatet. Mange fugleartar har krav om ope landskap for å beite/hekke. Høge tre vil såleis gjere at desse artane skyr områda. Leplantingane kan derfor utgjere ein trussel dess høgare trea vert. Moglege truslar mot fuglebestandane kan vere komplekse og variere frå art til art. Mest sannsynleg ligg dei største negative påverknadane /truslane langt utanfor verneområdet sine grenser.

Vegetasjon

Den første skriftlege skildring av Sandøy-naturen er frå siste halvdel av 1700-tallet. H.P.Schnitler etterlet seg eit manus som Romsdal Sogelag gav ut i 1974. Her skildrast m.a. dikesvineblom. Etter det er vegetasjonen i Sandøy kommune skildra av fleire opp gjennom tidene, så der er gode registreringa på plantelivet. Rundt Lomstjønna er vegetasjonen særskilt fattig (nedbørsmyr) og pregast av røsslyng, torvull og bjønnskjegg samt nokre andre lyngartar. Mellom Lomstjønna og tjønna rett sør for dette er det eit parti med fuktenglignande vegetasjon. Her finn ein m.a. englodnegras, rød jonsokblom, slåtttestarr og skjørbuksurt. Skjørbuksurt kan tyde på at område er oppgjødsela av fugl. Lomstjønna og dei andre dammane verkar rike på humus. Kysttjønnaks og flotgras vart funne i den nest sørlegaste dammen. Eit par av dammane har også litt sumpvegetasjon med bukkeblad og krypsiv i små bukter langs kantane.



Figur 3: Dreneringseffekt av grøft rett utom verneområdet, med leplanting i bakgrunnen. Foto: Åsmund Skålvik

Det er i sum få planteartar i dette verneområdet, men dette er heilt normalt for denne typen myr. Det er ikkje registrert regionalt trua eller sjeldne planteartar i verneområdet.

Registerte vegetasjonstypar Lomstjønna naturreservat. Viser her til Tore Frøland sin rapport 2007:01. Symbol etter E. Fremstad 1997.

Symbol på kart	Vegetasjonstype	Forekomst i MR. (Gaarder & Jordal 2003)	Kommentarer
J2/J3	Nedbørsmyr (ombrofobe), tue og fastmattemyr.	Sjeldan	Store sammenhengende oseaniske teppemyrar er sjeldne i Møre og Romsdal.
P2	Flytebladvegetasjon	Vanlig	
O3	Elvesnelle-starr- sumpa	Vanlig	Kantvegetasjon i 2 av dei små tjørna.
X2	Fuglegjødska kystvegetasjon		Sørsida av Lomstjønna

Tilstand og truslar

Den nordlege halvdelen av det verna området er omkransa av dreneringsgrøfter som kan føre til stagnasjon av den naturlege veksten i myra. Det går og ein traktorveg langs store delar av den nordlege delen av verneområdet, delar av eine vegen kryssar eit hjørne av reservatet. På utsida av traktorvegen er det dyrka mark. Ein sitkagranplanting deler verneområdet omrent på midten. Den nest sørlegaste dammen har ei rørgate knytt til seg. Denne dammen verker noko nedtappa og med ustabil vasstand. Lomstjønna og vassdammane er oppgjødsla av måsar.

Ein av grunneigarane kunne fortelje at spesielt røsslyngen har vorte meir forveda dei siste åra. Dette veit ein ikkje sikkert grunnen til, men effekten av grøftene kan ha spelt ei rolle, saman med alderen på lyngen.

Sitkagran

Denne grana er det utanlandske treslaget som i størst utstrekning er planta i kyst-Norge, og plantefelta er svært vanlege heilt nord til Troms. Ho har stor spreiingsevne og fortrenger annan vegetasjon. Trekkjennes på den blågrøne fargen på nålene og på den skjellete stammen. Ho er førebels ikkje kategorisert i Svartelista. Les meir på www.artsdatabanken.no.



Foto: Ragna Sortland

2.5 Bevaringsmål

"Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv". Verneforskrifta kap. III

Verneforskrifta skal konkretiserast først og fremst gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for reservatet. Verneformålet viser i hovudsak til kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet. For kvar naturkvalitet er det definert eit bevaringsmål, sjå tabell 1. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsiktig og god måte. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvalting, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år. For Lomstjønna naturreservat er det lite nyare kunnskap for fugleartane og deira status. Men ut frå det vi veit har vi sett opp følgjande bevaringsmål innan naturkvalitetens atlantisk høgmyr.

I Norge sin oppfølging av pliktene etter Ramsarkonvensjonen er det å auke kunnskapen om dei enkelte områda spesielt omtala. (Nordisk Ministerråd 2004)

Uttrykk nytta i tabell 1.

Mål nr.

Bevaringsmåla er fortløpende nummerert. Desse nummera finn ein igjen på vedlagd kart over bevaringsmål.

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon innehold eit stort mangfold av naturtypar, som er levestad og livsmiljø for eit rikt artsmangfold.

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekommst av bestemte arter

Overvaking

Med **overvaking** forstår vi å føre kontroll/oppsyn med at naturtypen er i den tilstand som er ønskjeleg for å oppfylle verneformålet best mogleg.

Tilstandsklasse


Tilstandsklasse er ein inndeling i god, middels og dårlig. Dette fortel oss i kva tilstand naturtypen er i.

Tiltak

Tiltak er det som er planlagd utført av praktisk arbeid for å få oppfylle bevaringsmålet.

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Lomstjønna naturreservat, VV00000499.

Mål nr	Natur-type	Tilstands-variabel	Bevaringsmål	Tilstandsklasse	Overvaking	Tiltak
1	Kystmyr. Atlantisk høgmyr med opne vassflater.	Sitkagran og bergfuru	Få tilbake ei myr fri for framande artar.	Dårlig, >5% av arealet er dekka av framande artar.	Jamleg kontroll av reservatet for å følgje tiltak, utviklig og konsekvensar av skjøtsel.	Fjerne framande treslag. Tiltaket skjer i samråd med SNO.



3 BRUKARINTERESSE

3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillate i Lomstjønna naturreservat. I dette kapittelet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg nr. 1.

Det er særleg nokre kapittel i verneforskrifta som gir retningslinjer for forvaltinga. I kapittel IV går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillate innafor reservatet. I kapittel V er det omtala dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i kapittel IV, mens det i kapittel VI går fram kva aktivitetar forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskriftene i kapittel IV, og som ikkje er nemnt i kapittel V eller VI er i utgangspunktet forbode. Fylkesmannen kan likevel gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfeller etter naturmangfaldlova (NML) § 48. Tolking av forskrifter er nærmere omtala i kapittel 5. 2.

3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk

Det er ingen direkte landbruksaktivitet innan sjølve verneområde. Men i nord og nordvest grensar verneområdet mot driftsvegar for dyrkamark. Ein driftsveg kryssar eit hjørne av reservatet. I samband med desse driftsvegane er det tatt opp grøfter. Desse grøftene kan ha ein indirekte drenerande effekt på vegetasjonen inn i verneområdet.



Figur 4: Vestre hjørne av reservatet med dreneringsgrøft rundt og vindmøller i bakgrunnen. Foto: Åsmund Skålvik

På 1960 – 70 talet var det stor aktivitet med leplantingar, spesielt av tresлага sitkagran og buskfuru. Spesielt sitkagrana er no opp mot 5 – 10 meter høg og set frø som spreier seg inn på verneområdet. Sitkagrana er derfor på sikt et treslag som kan true naturlege planteartar og

vegetasjonstypar. Det er registrert 17 dekar med leplanting inne i reservatet. I tillegg kjem leplantingar som grenser inn til reservatet.

Rammer og regelverk

I dei vedtekne forskriftene for Lomstjønna, kap. IV, nr 1. ein som lyder;

All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all skade og øydelegging.

Småplantar av sitkagran kan på sikt øydeleggje naturleg vegetasjon i verneområde, og vil utgjere ein trussel mot leveområde til fuglane.

Verneføresegnene er ifølge kap. V, nr. 2 og 3 ikkje til hinder for;

Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området eller vedlikehald av grøfteutløp som er tekn tidlegare og som drenerer tilgrensa jord- og skogbruksareal, etter at forvaltningsmyndighetene er varsle. Det verna arealet er av ein kvalitet som gjer jordbruksdrift som beite, inngjerding og slått lite sannsynleg. Dersom det likevel er ønskje om å setje opp gjerder må det søkjast om løyve etter NML § 48.

Nr. 4 opnar for uttak av sand til eige bruk. Dette punktet er ikkje aktuelt for Lomstjønna naturreservat.

Kap. V nr. 5 opnar for vedlikehald av vegar. Med vedlikehald forstår vi å oppretthalde dagens standard. Eventuell heving vegklasse eller annan utviding må det søkast dispensasjon om etter § 48 i NML. Nr. 6 opnar for motorferdsel til lands i næringsføremål. Ein kan ikkje sjå at dette er aktuelt for Lomstjønna naturreservat. Motorisert ferdsel er forbode i verneområdet.

Forvaltingsmål for primærnæringa

- Framande treslag som sitkagran og bergfuru er planta innafor vernegrensene, desse bør i så stor grad som mogleg fjernast. Dette arbeidet bør starte opp i løpet av 2010 i samarbeid med grunneigarane.

3.3 Jakt, fiske og rekreasjon

Det er usikkert i kva omfang det tidlegare har vore drive jakt innan verneområdet.

Verneføresegnene forbyr all form for jakt, fangst og bruk av skytevåpen. Arealet innan verneområdet kan reknast med ved tildeling av fellingsløyve på hjortedyr, men jakta må skje utanfor verneområdet. Det er i alle høve ikkje lov å setje ut fisk i tjørn og dammar i reservatet. I 2005 gav fylkesmannen løyve til å setje ut fisk i Lomstjønna, løve gjaldt for 2005. Det vart då sett ut 20-30 fisk. Det er ikkje ønskjeleg at det vert sett ut meir fisk i Lomstjønna.

Forvaltninga av naturreservatet aksepterer viktigheita av at befolkninga har tilgang på varierte rekreasjonsområde. Men det er og forvaltinga si plikt å prøve å samordne bruken av område på ein slik måte at verneformålet i størst mogleg grad blir oppfylt. Det er kome fram eit ønskje frå ein av grunneigarane om ein gangsti frå aust mot vest gjennom reservatet, omtrent der leplantinga går i dag. Etablering av ein gangsti må det søkjast om og behandlast etter § 48 i NML.

Rammer og regelverk

For naturreservatet gjeld følgjande reglar for jakt ifølgje forskriftene kap. IV, nr. 2; *Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade øydelegging og uturvande uroing.* (jfr § 3 i viltlova). *Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar må ikkje sleppast laus i reservatet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate.* Vi gjer merksam på at § 3 i viltlova er erstatta av § 15 i NML.

I følgje forskriftene for verneområdet kap. V, nr. 8 *er jakt på villmink i samsvar med viltlova tillat.* Dette punktet opnar for bruk av skytevåpen på arten villmink. Men det vert oppmoda om å nytte feller og ikkje skytevåpen. Elles gjeld viltlova med forskrifter der verneføreskrifta ikkje er sterkeare.

Det er ikkje ferdelsforbod i Lomstjønna naturreservat. Men unødig uroing av fuglelivet er tatt med i kap. IV nr. 2 og 3 i verneføreseggnene. Dette dekkes og av § 3 i viltlova. Ein ser ikkje behovet i dag, men kap. VIII opnar for styring av ferdsel. ”*Forvaltingsstyremakta kan fastsetje nærare reglar for ferdelsen i området, dersom det er naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.*”

Elles gjeld friluftsloven med sine rettigheitar og pliktar i verneområde.



Figur 5 Lomstjønna og tjerna rundt som del av atlantisk høgmyr. Foto: Øivind Leren

Forvaltingsmål for jakt, fiske og rekreasjon

- Generelt skal fuglelivet uroast minst mogleg som følgje av ferdsel og ved behov skal ferdsel kanaliserast bort frå dei mest sårbare områda.

3.5 *Undervisning og forsking*

Med unntak av ei informasjonstavle er det ikkje tilrettelagt for organisert informasjon, formidling og forsking. Men det er kvalitetar i området som eignar seg godt til undervisning på alle nivå i skuleverket. Aktuelle lokale skular til å nytte verneområdet er Harøy skule. Det skulle ligge til rette for å lage ulike undervisningsopplegg gjennom heile skuleåret i verneområdet.

Rammer og regelverk

Vi minner om forskrifta sitt kap. IV om at vegetasjonen er freda og at fugle og dyrelivet ikkje skal uroast. Det må vurderast i kvart enkelt tilfelle om aktiviteten må omsøkjast etter § 48 i NML.

Forvaltingsmål for undervisning og forsking

- Det kan leggast til rette for undervising, formidling og forsking innafor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformåla for reservatet.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 *Skjøtsel og forvaltingstiltak*

Med skjøtsel meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Heimel til skjøtselstiltak finn vi i verneforskrifta kap. VII og § 47 i NML. Som del av godkjend skjøtsel kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til å nytta motoriserte kjøretøy innan reservatet.

Forvaltingsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre skjøtselsoppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplige resultat i verneområdet. Grunneigarane vil først få tilbod om å ta ut dei leplantingane som er aktuelle i reservatet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitet skal skje i perioden 1. juli til 31. mars.

Det er ønskjeleg å ta ut plantingane av sitkagran i reservatet, og helst noko av leplantinga som grensar opp mot reservatet. Dette må i tilfelle skje så naturvennleg som mogleg, og den fysiske gjennomføringa må sette så lite spor som mogleg. Dette arbeidet vart starta opp vinteren 2010, og det er ønskjeleg å halde fram med dette.

Skjøtselstiltak

- Fortsette arbeidet med å fjerne dei framande treslagene sitkagran og bergfuru i verneområdet .

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 7.

4.2 *Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar*

Effektiv overvaking av naturkvalitetane krev kunnskap om verneverdiane og tilstanden til desse. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Lomstjønna naturreservat har tidlegare ikkje vore overvaka systematisk, og kunnskapen som finst om reservatet er usystematisk og til dels forelda.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakkinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

Overvakingstiltak

- Forvaltinga har som mål å få ein oppgradert status over enkeltartar og fuglepopulasjonar innan verneområdet.
- Overvakkinga skal gi kunnskap om korleis skjøtselen og bruk påverkar naturkvalitetane

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 7.

4.3 *Informasjon og tilrettelegging*

Det er utforma ein informasjonsplakat for Lomstjønna naturreservat. Denne er sett opp i det nord-austre hjørnet av reservatet ved traktorvegen. Informasjon om naturreservatet er også tilgjengelig på fleire nettstadar. Her er naturbasen til direktoratet for naturforvaltning ei god kjelde, sjå kjelder i kapittel 7. Etter kvart som ein får ny kunnskap om naturkvalitetane i området bør ein vurdere om det er behov for meir formidling. Etter kvart som ein kjem i gang med skjøtselstiltak bør det informerast om bakgrunn og mål med dette arbeidet.

Naturreservatet er merka med grensemerke i knekkpunkt og verneskilt ved naturlege tilkomstvegar.

Alt informasjonsmateriale skal utarbeidas av, eller i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Ein er kjent med at det er eit ønskje å legge ein sti gjennom reservatet. Dette for å utvide/forbetre det eksisterande turnettet i området rundt reservatet. All tilrettelegging for ferdsel skal på førehand godkjennast av fylkesmannen. Dette er ikkje til hinder for at brukarar av området kan komme med innspel både om tilrettelegging og behov for informasjon.

Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Halde vedlike og ved behov revidere innhaldet i informasjonstavla.
- Vurdere behov for å legge til rette for ein sti gjennom reservatet i samarbeid med grunneigar og kommunen. Dette må vegast opp mot verneformålet.

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 7.

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturopsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert fylgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet. Heimel til å foreta oppsyn i reservatet finn vi i NML § 63.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21.juni 1996 om statleg naturopsyn, politimynde etter miljølovene; friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvane etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærmere presentert i denne forvaltingsplanen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyremakt bestillar av oppsynsoppgåve hos SNO.

5 SAKSHANDSAMING

5.1 Forvaltingsstyremakt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM) er forvaltingsstyremakt for Lomstjønna naturreservat. Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta skal sendast direkte til fylkesmannen.

Då Lomstjønna naturreservat er eit Ramsarområde skal Direktoratet for naturforvaltning godkjenne denne forvalningsplanen. Elles er Fylkesmannen i Møre og Romsdal (**FM**) forvaltingsstyremakt for Lomstjønna naturreservat. Dersom det vert gitt dispensasjon frå

fylkesmannen er Sandøy kommune myndighet innan lovverk som til dømes; viltlova, plan- og bygningslova.

5.2 Lovverk, føringar og forvalting

Naturvernloven frå 1970 blei oppheva da naturmangfaldloven (NML) vart vedtatt 19. juni 2009. I denne samanheng er overgangsreglane i NML § 77 klår på at verneforskrifter vedtatt med heimel i naturvernlova fortsett gjeld. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. V i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Det er viktig her å merke seg at prinsippa i NML kap. II, §§ 8 - 12 om alminnelege reglar om berekraftig bruk og § 48, dispensasjonssøknadar frå verneforskrifta. Desse gir føringar som skal nyttast ved sida av forskriftene til det enkelte verneområdet.

Forskrifta for verneområdet går føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneføresegnerne innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Derfor skal ein søknad om løyve/dispensasjon først blir handsama av fylkesmannen. Verneforskrifta for Lomstjønna naturreservat finst som vedlegg 1.

Forvalting av verneforskrifta

Verneføresegnerne har som hovudmål å fremme verneformålet. Forvaltinga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltingsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Ein syner her til NML kap. IX om handheving og sanksjonar.

Det har så langt ein kjenner til ikkje vore ein einaste søknad om løyve eller dispensasjon frå verneføresegnerne sidan Lomstjønna naturreservat vart oppretta.

Forståing av unntak frå forskrifa

Kap V i verneforskrifta listar opp ei rekke aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

Nr. 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter og for utrykkingskjøretøy. Dette er alltid tillate i verna område, men unntaket omfattar ikkje øving for nemnte formål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltingsstyresmakta.

Nr. 2 omhandlar beite, dette er lovleg i reservatet, men må eventuelt klarerast med grunneigar.

Nr. 3 stadfester at vedlikehald av grøftelaup i reservatet er lov. Det finst ingen grøftelaup innafor reservatet, derfor er dette punktet uaktuelt for Lomstjønna naturreservat.

Nr. 4 er løyve til uttak av sand til eige bruk. Då det ikkje er tilgjengeleg sand utan store terrengeinngrep er dette ikkje aktuelt.

